

FATLAND KRAFT AS  
v/Roy Hjelmeland, Midtkleiva 32  
5119 ULSET

**Vår dato:** 15.03.2024

**Vår ref.:** 202310737-15 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Randi Holme 99 21 51 22/  
rho@nve.no

## **Svoldal kraftverk Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap - Kvinnherad kommune**

Vi viser til søknaden dykker om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Svoldal kraftverk.

### **Vedtak**

*NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert juni 2023 for bygging av Svoldal kraftverk i Svoldalselva, Kvinnherad kommune.*

### Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal avklarast om der er kvikkleire i nedre del av anleggsområdet før anleggsarbeidet der vert sett i gang
- Vi skal godkjenne utkast til opplysningskilt og føreslått plassering. Skilta skal tilfredsstille krava våre til informasjon for allmennheten
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen og departementet sine merknader. Vi kan krevje fleire detaljar for alle deler av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 24.03.2023 post 4 og 10.



## Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsysten etter forskrifta.

## Vår handsaming av søknaden

I vedtak datert 22.03.2021 avslo NVE Fatland kraft AS (FK) sin søknad om konsesjon til bygging av Svoldal kraftverk. Vedtaket var påklaga av FK og i vedtak datert 24.03.2023 ga Olje og energidepartementet (no Energidepartementet) konsesjon til bygging av kraftverket.

Konsesjonen er gitt med føresetnad om at «*Anleggsvei skal bygges i tråd med det som er oppgitt i søknaden. Det skal lages en midlertidig anleggsvei/trase som rørgata skal legges i. Arbeidet vil bli planlagt, utført, tilrettelagt og tilpasses slik at anleggsvei/rørgatetrase skal gro igjen og bli en enhetlig del av eksisterende terren. Departementet legger til grunn at kommunen har godkjent at anleggsvei omklassifiseres til skogsbilvei etter utbygging.*

I tillegg er det føresett at massetaket ved Rv 551 skal arronderast og revegeterast, god landskapstilpassing, minimering av dei anleggstekniske inngrepa og at anleggsvegen langs vassvegen skal leggast slik at ein unngår hogst.

Det er gitt anleggskonsesjon til tilknyting av kraftverket via ein 50 meter lang jordkabel i NVE sitt vedtak datert 30.10.2023. BKK har stadfesta at anlegget kan knytast til nettet.

## Detaljplanen

Inntaksterskelen vert bygd som ein ordinær platedam i betong på kote 450. Nedstebekken vert overført til inntaket og vassvegen vert graven ned på heile strekkja. Kraftstasjonen vert bygd på kote 5. Terrenget der vassvegen skal gravast ned er svært sidebratt og dette er omtalt særskilt i detaljplanen. Planen skildrar prinsippa for istandsetting av det eksisterande massetaket ved vegen. Anlegget vil produsere om lag 5,6 GWh i eit gjennomsnittleg år. Det er opplyst at noko hogst må reknast med for å etablere vassveg/anleggsveg.

I brev datert 17.11.2023 har Kvinnherad kommune godkjend søknad om bygging av landbruksveg klasse7 på vilkår. NVE legg til grunn at kommunen følgjer opp løyvet til landbruksvegen på dei vilkår som er gitt i godkjenninga.

Detaljplanen vart sendt på høyring 01.12.2023 til Kvinnherad kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Bergen og Hordaland turlag, Kvinnherad turlag, Forum for natur og friluftsliv Hordaland, og Friluftsrådet Vest. Fråsegnene er sende til konsesjonæren for kommentar og vi mottok svar 26.01.2024.

## Fråseigner

Statsforvaltaren i Vestland ga fråsegn til planen i brev datert 01.12.2023 og skriv mellom anna:



«Vi legg til grunn at inngrep i naturmiljø og landbruksareal blir avgrensa til det som er nødvendig, at alle tiltak blir godt tilpassa terren og landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp, i tråd med føringane som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket. Det er også føresett at anleggsvegen skal leggjast utan hogst/inngrep. Bilete i detaljplanen viser innslag av relativt storvaksne furuer, og vi reknar då med at gamle og verdfulle tre vil bli teke omsyn til.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossekall, vintererle og strandsnipe. Elva og kantvegetasjonsbeltet på strekninga har såleis verdi for vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar.

*Det bør støypast ei hekkehylle for fossekall i kraftverksavløpet, då dette har gitt godt resultat ved andre vasskraftutbyggingar dei seinare åra. Eit slikt enkelt og praktisk tiltak i byggjefasen, vil redusere behovet for å påleggje kraftverkseigar å gjennomføre avbøtande tiltak i driftfasen».*

I tillegg minner Statsforvaltaren om § 7 i forureiningslova og føreset at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Han legg og til grunn at tekniske installasjonar vert plasserte slik at dei er mest mogeleg verna mot skred og flaum for å unngå skade både på personar og materiell.

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til planen i brev datert 10.01.2024. Fylkeskommunen har oppsummert fråsegna si slik:

«Vestland fylkeskommune har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i tiltaksområdet. Vi gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å melde i frå ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne ved gjennomføring av tiltaket.

*Begge avkøyrlene frå fv. 500, på kvar side av vegen, må utbetrast i tråd med Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg og gateutforming og V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.*

*Det må søkast om dispensasjon i frå byggegrensa til fylkesvegen for bearbeidingsa av eksisterande massetak».*

I tillegg er det opplyst at kraftverket inkludert røyrgate og inntaksdam, ikkje er i konflikt med kartlagde friluftsområde eller registrerte ferdselsårer.

NVE har ikkje motteke fråsegner frå dei andre høyringspratane.

I kommentarane til fråsegnene stadfestar FK at tiltaket knytt til fossekall som er fremma av Statsforvaltaren vert gjennomført. Dei stadfestar og at dei i samråd med fylkeskommunen vil søkje om nødvendige dispensasjoner, løysingar og utformingar av avkøyringar, koordinering av byggeaktivitet, nødvendig skilting mv.



Ut over dette viser FK til konsesjonssøknaden, konsesjonen og detaljplanen som er utarbeidd.

#### *NVE si vurdering*

OED sin føresetnad om at anleggsvegen skal leggast slik at ein unngår hogst/inngrep er kommentert både i detaljplanen og i Statsforvaltaren si fråsegn. I detaljplanen er det kommentert at dette må forståast som at hogst og inngrep skal *minimerast* framfor unngåast. Statsforvaltaren konstaterer at der er skog med innslag av storvaksen furu i tiltaksområdet og reknar med at det vert teke omsyn til gamle og verdifulle tre.


Etter NVE si vurdering er konsesjonæren si forståing av føresetnaden om å unngå hogst/inngrep innafor råma i konsesjonen som er gitt. Vi merker oss at tiltaket er planlagd med avgrensa arealbruk slik at inngrepet er vert mogeleg avgrensa. Vi viser til Statsforvaltaren sin merknad og føreset at ein i størst mogeleg grad unngår å felle gamle og verdifulle tre.

#### *Vurdering av flaum og skredfare*

Flaum- og skredfare er vurdert i detaljplanen. Det er opplyst at Svoldalselva er eit typisk Vestlandsvassdrag - ein lita flaumelv med relativt store fall over 7 korte distansar og store variasjonar i vassføringa frå å vere tilnærma tørrlagd i periodar og til flaumtoppar på 4-5 m<sup>3</sup>/s. Dei største flaumane er typisk regnflaumar, kombinert med nysnøsmelting, i haustr- og tidleg vinterperiode. Topografien i området er likevel slik at større område ikkje blir sett under vatn i slike periodar. Nokre område på austsida av Svoldalen kan vere utsett for jord- og flaumskred. Rørgata er planlagd på vestsida, der det i følgje NVE sine aktsemeldskart ikkje er like utsett. Området ved kraftstasjonen kan ifølgje det same kartet vere noko utsett. Foto av påtenkt kraftstasjonsområde tyder ikkje på at det har gått ras tidlegare i dette området. Dimensjonering av kraftstasjonsfundament og -ringmur må likevel ta høyde for dette.

I tillegg er det opplyst at «*Et område ca. midtveis på rørstrekningen kan være utsatt for steinsprang. Rørgata passerer her et område hvor aktivitet kan utløse steinsprang. Samtidig vil muligheten være til stede for at rørgata kan påvirkes av steinsprang og masseforskyvninger. Fundamentering av rørgata vil måtte hensynta mulig ustabilitet.*

NVE har søkt i naturfarekart og ikkje funne andre resultat enn det som er opplyst i detaljplanen når det gjeld flaum- og skred. Av NVE sine farekart går det fram at kraftstasjonen og nedre del av vassvegen skal byggjast i eit aktsemeldsområde for kvikkleire. Dette er ikkje omtalt i detaljplanen.



Området markert med blått er registrert som aktsemdsområde for kvikkleire. Nedre del av vassvegen og kraftstasjonen er planlagt i dette området.

Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om at det skal avklarast om der er kvikkleire i nedre del av anleggsområdet før anleggsarbeidet der vert sett i gang. Denne avklaringa kan gjerast gjennom en vurdering av geotekniske forholda i tråd med NVE sin rettelear *Sikkerhet mot kvikkleireskred 1/2019*. [NVE Veileder 1/2019: Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). De kan ta og kontakt med kommunen for å innhente opplysningar om dei kjener til om der er førekomst av kvikkleire.

Ut over dette minner vi om at konsesjonären er fullt ut ansvarleg for å gjennomføre risikovurderinger og å gjennomføre tilhøyrande risikoreduserande tiltak. Dette gjeld både byggje- og driftsfasen.

#### *Vurderingar etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi har likevel søkt i tilgjengelege kartdatabasar 01.03.2024 og ikkje funne nye opplysningar om naturmangfald. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen.

#### *Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking*

Metoden de har skildra for slepp- og dokumentasjon av minstevassføring oppfyller krava i post 1 i konsesjonen. Dette føreset at de installerer og driftar utstyret riktig.



Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret. For slepp av minstevassføring målt direkte ved vassgjennomstrøyming i rør, er det særskilt viktig at de sikrar at de oppfyller føresetnadene for at måleutstyret gir riktige verdiar. Dette gjeld særleg krav om rettstrekning på rør, fylt vassrøyr og laminær vasstraum.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Allmennheten skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 «*Slipp, måling og dokumentasjon av minstevannføring*» skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysingsskilt på nettsidene våre [www.nve.no](http://www.nve.no)

### **Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til**

#### *Plan- og bygningslova*

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unntak frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må også syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggeteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

#### *Forskrift om damsikkerheit*

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida. Tekniske plan er sendt til NVE for godkjenning.

#### *Naturførekommstar, landskapsområde og kulturminne*

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

#### *Private rettigheter*

De må ha avklart alle nødvendige private rettigheter før anleggsarbeida tek til.

#### *Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk*

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.



**Det skal sendast inn dokumentasjon til Kvinnherad kommune når anlegget er ferdig bygd**

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til kommunen slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

**Høve til å klage**

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</li></ul>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndighet. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvalningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*



**Mottakarliste:**

FATLAND KRAFT AS

**Kopimottakarliste:**

vemund.hjelmeland@gmail.com

roy.hjelmeland@gmail.com

Per Hjelmeland

Kåre Paulsen

KVINNHERAD KOMMUNE

Småkraftkonsult AS

KVINNHERAD TURLAG

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Friluftsrådet Vest

Folgefonna nasjonalparkstyre

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE